

Som ein Fugl Føniks opp av oska kjem det til å stiga, det nye huset til Brit og Hans Gustav Musland i Skårhaug 7 i Uskedalen.

6. november 2007 vart huset deira totalskada i den tragiske brannen. No er tomta rydda og klar for byggjing, melder entreprenøren i søknaden om byggeløyve som er sendt til kommunen. Firmaet vonar på snarleg og positiv handsaming av byggjesøknaden.

Det gjer sjølvstøtt også byggherren. Hans Gustav Musland – førebels busett på Stord - opplyser til uskedalen.no at han vonar på byggjeart 1. april og på at det nye huset skal vera klart til innflytting seinast ved årsskiftet. I byggjesøknaden som Kvinnherad Bygg ved Trond Rusten har sendt kommunen blir det opplyst at det nye huset får eit bebygd areal på 130 kvadratmeter og eit bruksareal på 263 kvadratmeter fordelt på tre plan. - Det blir eit fint hus og det kjem til å ligna litt på det som brant, seier Hans Gustav. Arkitekten heiter Karl Otto Gravdal og bur på Stord..

Har du gløymt barnelærdommen og og veit lite om Fugl Fønix? Då skal vi hjelpe deg litt. Jau det er eit fabeldyr frå egyptisk mytologi, der den var eit symbol på gjenfødelsen. Legendene om Fugl Fønix er også å finna i gresk og romersk mytologi og i kristen ikonografi. I følge sagnet vart fuglens reir tent av gløden til morgonrøden og både reiret og fuglen brant og vart til oske. Og frå oska stod Fønix opp att som ein ung, ny fugl som steig høgt opp på himmelen.

Og vurdert utifrå teikninga av nyhuset er vel Fønix-samanlikninga relativt treffande?

Av Ola Matti Mathisen



Den tragiske dagen – 6. november 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen).